

Gilje

Innspel frå grendamøte 20.11.2018

26 deltok på møtet. 5 bord med innspel



Kva er viktig for deg for at Gilje skal bli eit attraktivt nærsenter

- Sykkel- og gangsti med lys til Svortland. Vår nærbutikk ligg på Svortland. Våre ungdommar går på skule på Svortland. Alle fritidsaktivitetane for ungdommane er på Svortland.
- Viktig at det er aktivitetar både for barn og unge i krinsen (Hallen og bedehuset)
- Når bommen kjem vert det ein brems for krinsen. Me må gjennom bommen for å handla mjølk og brød. Ungdommane våre må og gjennom bommen x antall gonger for å komma til fritidsaktivitetar. Viktig med sykkel og gangsti."
- Fortsetja å ha:
 - Skule (vedlikehald og fornying)
 - Allidrett
 - Bedehus
- Saknar
 - Betre skuleveggar
 - Sykkel- og gangveg til Svortland
 - Lysløype gjennom Mælansmarkjo som koplast til Fetløypa
 - Utrustning av vegen frå Tormodsætre til Svortland sør
 - Felles båtkai/-havn"
- "Trafikksikre vegar for mjuke trafikkantar:
 - Knytte saman turve frå Mæland - Fet (Svortland)
 - Lysløype
 - Utbygging av bustadfelt
 - Fotgjengarovergang Mælanskryssset + Alvsvåg

- Utbetra veg til Alvsvåg
- Ersland - Gilje fotgjenger
- Alvsvåg - Svortland forgjenger"
- Tap av lokale arbeidsplassar
- Positivt at krinsen har tilgang til fritidsaktivitetar og aktivitetshus"
- Betre busstilbod - særleg ettermiddag og kveld
- Veglys - gong-/sykkelsti Alvsvåg/Svortland og Gilje/Thormodsæter
- Gjestehamn med sesongkafé - eks Mælandsvågen
- Treffpunkt der fleire generasjonar kan møtast - uformelt - besteforeldre/Barn - ulike aktivitetar og lera nye ting (Handverk, lesa, lekser +++)
- Skate-arena"

Kva eigenskapar og evner og engasjement har du som du kan bidra med?

- Lokalkjente
- Ungt styre
- Godt samarbeid mellom skule, allidrett, grendalag og private
- God dugnadsånd
- Tilhøyrighet"
- Engasjement kjem om ein brenn for ein sak
- Vera positiv til engasjement og ulike utspel som kan bidra til eit betre miljø og ulike tiltak
- Stor dugnadsånd - bidra når det er felt me meistarar

Kva kan du gjera for å få andre til å bli med på å utvikle grenda

- Informasjon ut i bygda - samle alle vel (del av grendalaget)
- Grendalaget må bli meir synlege"
- Vera bidragsytar til å komma opp med forslag til tiltak som krinsen har behov for
- Framsnakka positive ting om krinsen
- Visa engasjement sjølv"

Kva er viktig for deg for at Bømlo skal bli ein attraktiv stad?

- Det burde ha vore veg frå Hopasletto - frå toppen av Tverråbrekko til Hollundsdalen
- Samarbeid mellom yrke og utdanning: Gode moglegheiter på Bømlo, Leggja til rette for dei som ikkje ""håndterar"" ein vanleg skuledag
- Manglar eit skikkeleg sentrum (Bremnes)
- Overnatting for turistar/kundar til bedriftar
- Tilbod til barn under skulealder"
- Klatrepark i Mælandsmarka eller Ådnanes
- Støtte opp om næringsgrunnlaget i kommunen - herav fiske, havbruk, industri. Fritidsaktivitetar og gode skuletilbod
- Kommunedemokratiet må fungera (ikkje verta overkøyrte frå ""høgare hald""
- Høge bompengar verkar negativt
- Gode skuletilbod - ikkje sentralisere, men behalda grendaskulene
- Ikkje byggja ned strandsona
- Utvikla kulturlivet som me allereie har (kulturhuset, kulturskulen, Moster Amfi, Musikklivet...)
- God og trygg infrastruktur"

Matrise med oppfølging av innspel

Innspel GL kan følge opp i lag med innbyggjarane	Innspel til kommuneplan-arbeidet	Innspel innan skule til leiinga skule	Innspel trafikkisikring kommunen/SVV	Innspel kollektiv - Skyss
Aktivitatar både for barn og unge i krinsen (Hallen og Bedehuset) Grendalaget må bli meir synlege Treffplass fleire generasjonar kan møtast – uformelt, Besteforeldre barn – ulike aktiviteter, Læra nye ting – handverk/lesa/lekser....	Ungdommane våre må og gjennom bommen til fritidsaktivitatar Utbygging av boligfelt	Skule (vedlikehald og fornying) Allidrett	Sykkel og gangveg med lys til Svortland Veglys – gong-/sykkelsti Alvsvåg/Svortland – Gilje-Tormodsæter	Bedre busstilbod – særleg ettermiddag/kveldstid
17. mai feiring fortsatt er i krinsen Aktivitetspark i Giljekrinsen	Båtplassar – Felles båthavn	Skatearena	veg frå Hopasletto – frå toppen av Tverråbrekko til Hollundsdaalen	
felles arena kor me som ikkje har skulebarn kan møtast (ikkje alle går på bedehuset)			Bedre skuleveggar Ny innkjøring til bedehus/parkingsplass	
Fiskekonkurrans Gjestehavn med «sesong kafe» - eks Mælandsvågen			Utrustning av vegen frå Tormodsætre til Svortland sør	
Sti frå Mælands-markjo til Fetløypa med lys! Uformell søndagskaffi på Mælandsåto				
Open Facebookgrupper ang. Konkrete dugnadsaktivitatar				

Tiltak i Trafikksikringsplanen 2020-24

Trafikksikringsplanen vart vedteke i juni 2020. Under er alle strakstiltak, langsiktige tiltak, tiltak utan prioritering og veglys:

Tiltak /omtale	Tiltaksområde i TS-plan	Tilt. nr	Type tiltak	Vegid.	Ansvarleg	Grendautval	Tilråding/ Merknader
Skulebarn frå byggefelt Alvsvåg m/fl. må kryssa FV 5012 fleire gonger på veg til/frå Gilje skule	Strakstiltak	11	Fartsgrense/kryssing	FV 5012	Fylket	Gilje	Det bør utførast ei fartsmåling og event. nedsetting fartsgr. til 40 km/t.mellom kryss KV 1168/1173. Bør og vurderer gangfelt, Hb V127.
Siktutbetring Alvsvågakrysset.	Strakstiltak	17	Sikt	KV 1173	Kommunen	Gilje	Sikten retning Tverråna bør utbetrast til 6 x 45 meter.
Bygging g/s-veg	Tiltak utan prioritering	3	Fortau/gangsti	FV 1173/Veg til Alvsvåg	Fylket	Gilje	
Buhammarfeltet til FV 5012 snarveg for skulebarn til Gilje skule	Veglys			Pv	Kommunen	Gilje	Tilrådest pga snarveg/gangsti- prosjektet for skulebarn, <i>Barne-trakk</i> . Innspel nr 65. Må avklarast med grunneigar.